

Språkstrategi

Overordna prinsipp

1. BAS skal jobbe for godt språk i all kommunikasjon.
2. Norsk (bokmål og nynorsk) er hovudspråk både administrativt og i dei tre første åra på BAS. Dei to siste åra er opne for internasjonale studentar og undervisning og kommunikasjon skjer på engelsk.
3. I internasjonalt arbeid vil engelsk som oftast vere hovudspråk. I skandinavisk samanheng bør ein bruke norsk.
4. Studentar og tilsette skal oppmodast til å utvikle eigen kompetanse i både norsk og engelsk. BAS skal legge til rette for at tilsette kan få naudsynt språkleg kompetanse til å delta aktivt i internasjonale fagmiljø.
5. Studentar og tilsette skal respektere språkleg mangfald og bruke eit inkluderande språk.
6. BAS skal så langt det er praktisk råd ha sentral informasjon om verksemda på engelsk i tillegg til norsk.

Utdanning

1. Norsk er primært undervisningsspråk ved BAS på 1.avdeling, medan engelsk er undervisningsspråk på 2.avdeling.
2. Pensumlitteratur bør vere på norsk der det er mogeleg. Engelsk litteratur vert brukt der det er fagleg mest hensiktsmessig. Svensk og dansk kan og nyttast.
3. BAS skal tilby kurs i akademisk skriving med siktemål å utvikle språk- tekst- og sjangerkompetanse hjå studentane
4. Om ikkje anna er fastsett, kan studentane velje å utarbeide skriftlege oppgåver og presentasjonar på norsk, svensk eller dansk. Studentar kan be om å få svare på eksamen på engelsk.

FoU

1. Publisering kan skje på engelsk, men formidling bør skje på norsk der det er hensiktsmessig.
2. Engelsk er hovudspråk for publisering i internasjonale kanalar. Ved publisering på norsk bør det lagast eit samandrag på engelsk, og omvendt.
3. BAS skal stimulere til, og drive aktiv opplæring i, skriving av fagartiklar, også på engelsk.

Språkkrav for tilsette

1. Administrativt tilsette ved BAS skal meistre både norsk og engelsk. Språkkrav skal vere tydleg ut frå utlysningsteksten.
2. Tilsette i faglege stillingar skal meistre norsk og/eller engelsk. Gode evner i dansk eller svensk kan sidestillast med norsk. For stillingar utlyst internasjonalt, skal krav til norsk ved tilsetjing vere tydleg ut frå utlysningsteksten.